



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

i
ROGALAND

1946

Namnet på vatnet

Kommune

Bundebergvatnet
Kjølmeleua / Finnøy

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

B A N D E B E R G V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 17. september 1975.

Vatnet ligg i Hjelmeland og Finnøy kommunar, nærare stadfest på nordsida av Ombo, og med Bandåsen i nord.

Arealet er omlag 22 ha, og h.o.h. 26¹/₄ m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 10-12 m.

Stranda består for ein stor del av stein og fjell. Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagfeltet femner for det meste om skogsmark, der det veks blandingsskog av furu og bjerk. Vidare er der ein del myr i nedslagfeltet og noko snaufjell.

Dei største tilsiga fell inn på sørsida, men bortsett frå desse fell det inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til sjøen ved Bandurdi.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4,0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH vart målt til 5,0 og 5,2 som må seiast å vera nokså surt, men brukbart for aure. Det var sterk nedbør då prøven vart foreteken.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1,3 mg/l og den totale hardheita 3,0 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 27,5$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 2,0 m djup og her vart det funne 2 vårflugelarver, 2 fjærmygglarver, 3 mygglarver og 1 stankelbeinlarve - i alt 80 individ pr. m².

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av på det tids-
punkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar.
Her vart det funne buksvømmere, vårflugelarver, luftinnsekte,
fjærmygglarver, talgorm, sikader, sommerfugllarver, vannkalv-
larver, daphnier og svevemygg.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, og eit vertikal-
trekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast
som fattige.

Fisk m.v.


Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter
1 fangstnatt vart 42 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske fram-
syninga.



Det vart teke prøver av 27 fiskar og av desse var 17 røde, 9 lys-røde og 1 kvit i fiskekjettet.

Vidare var der 17 hanfiskar og 10 hofiskar.

Ingen av prøvofiskane var angripne av parasittar.

14 fiskar (52%) var gytefisk - resten gjellfisk.

Medel fyllingsgrad 1,8.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvofiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.1	8.7	14.0	20.0	24.7	27.4
Årleg lengdetilv. i cm	4.1	4.6	5.3	6.0	4.7	2.7
Antall fiskar	27	27	27	26	20	7

Medel kondisjonsfaktor = 1.10 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har her sett opp ein vekstkurve for fisken i Bandebergvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Bandebergvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Dei fyrste åra er likevel veksten noko under normalen, men dette rettar seg opp frå det 3. året. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca 30 cm, men storparten av fisken vil vera mindre enn dette. Ein del større fiskar vil der sikkert finnast, men der er neppe mange av desse.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og surt, men med eit forbausande godt fiskebestand. Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er pH ikkje så god som ynskjeleg, og vatnet har ei svak "bufferemne".

Botnprøvene og planktonprøvene gav eit noko magert resultat, men omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Kondisjonsfaktoren er mykje god og vekstkurven syner stort sett ein normal lengdetilvekst.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Bandebergvatnet er noko skrint og såleis ikkje fullt ut i stand til å nøytralisere den sure nedbøren vi i dag får. Fylgjeleg får vi ein låg pH og som særleg yngelet vil ha vanskar med å greie. Når fiskebestandet i dag må seiast å vera mykje godt, kan det koma av at det er små årgangar med yngel og småfisk som kjem ut i vatnet, slik at næringsforrådet blir dess betre for den fisken som frå før av er der. På litt lengere sikt vil dette i såfall føre til at fiskebestandet vil gå gradvis tilbake.

Gytetilhøva er gode nok for å sikre ei tilfredstillande rekruttering, men ein kan ikkje sjå bort frå at gytebekkene til sine årstider kan føre eit vatn som er på grensa av det yngelet vil tåle.

Praktiske tiltak.

Det er ikkje så mange tiltak å foreslå for vatn av dette slaget. Fåren er som nemnt surheita og det er her ikkje så mykje ein kan gjera til eller frå. Gjødsling og kalking har vorte prøvd einskilte stader, men det heile fell kostbart og har som regel lite for seg. Dette er heller ikkje nokon eingongsaffære, då gjødningsstoffa vil bli utvaska etter kortare eller lengere tid. Vi vil tilrå, at det vort teke pH målingar 2-3 gonger i året,

og til ulike årstider, slik at ein kan sjå svingningane gjennom året.

Vidare må dei som steller med vatnet ta nokre turar på gytebakkene for å sjå om der er yngel og småfisk.

Som alt nemnt er fiskebestandet i dag særst godt og fiskinga kan ein då halde fram med i omlag same omfang som før.

Vi får til slutt berre vone, at tilheva ikkje vil endra seg til det verre, då der ikkje er så mykje å gå på før det kan svinge over i negativ lei.

Stavanger den 8. mars 1975

Einar Berg